



Referat frå kommunemøte tysdag 21. desember 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka og fylkeskommunen.

Ikkje til stades: Aurland kommune, Austevoll kommune, Fjaler kommune, Kinn kommune, Kvam kommune, Lærdal kommune og Stryn kommune.

Innhald

Referat frå kommunemøte tysdag 21. desember 2021	1
1. Ferieavvikling i jula	2
2. Innspel til vekerapporten	2
Definisjon av rapporteringskriterier	2
Behov for tydlegare avklaring av TISK-strategien.....	2
3. Prioritering av testing av personell med kritisk samfunnsfunksjon	2
4. Hurtigtestar	2
5. Bistand til vaksinasjon	3
Bistand frå Forsvaret	3
Bistand frå helsefagstudentar	3
Bistand frå apotek	4
Oversikt over relevante verksemder	5
6. Auka smitte og kapasitetsutfordringar.....	5
7. Presisering av testing av elevar etter ferien.....	5
8. MSIS-rapportering	6
9. Kontaktpersonar i vaksinasjonskommunar for barn 5-11 år.....	6
10. Nye tilrådingar om vaksine.....	6
11. Vurdering av oppfriskningsdose	6
12. Spørsmål og svar	7



1. Ferieavvikling i jula

Grunna ferieavvikling oppmodar vi særleg sterkt til at de nyttar beredskapsadressa (sfvlberedskap@statsforvalteren.no) og beredskapstelefonnummeret (tlf. 916 99 098) om de har spørsmål. Dette for å forsikre oss om at det vert fanga opp av tilsette som er på jobb.

2. Innspel til vekerapporten

Definisjon av rapporteringskriterier

Det har blitt etterspurd definisjon av rapporteringskriterier i vekerapporten. Definisjonane finn ein i ledeteksten til vekerapporten:

Bruk av svaralternativene god, utfordrende og kritisk, og bruk av fritekstfeltet

Kommunene og Helsedirektoratet må ha felles forståelse av svaralternativene. Se begreps-omtalene, og kryss av for det alternativ som best beskriver situasjonene i kommunen av;

- **God;** *Kapasiteter av personell, tjenestetilbud, materiell, smittesporing og testing er gode*
- **Utfordrende;** *Det er krevende å opprettholde personell kapasiteter og forsvarlige tjenestetilbud. Smittesporing og testtilbud er svært belastet. Tilgang til materiell/utstyr er mangelfull og krever lån eller omfordeling av utstyr fra nabokommuner, Helseforetak eller Statsforvalter. Det er krevende å holde kontroll over situasjonen*
- **Kritisk;** *Personell kapasiteter, tjenestetilbud, TISK/testing er overbelastede, det er mangel personell, materiell og viktig utstyr og nærliggende fare for svikt og tap av kontroll*

Merknadsfeltene benyttes når det er svart "utfordrende eller kritisk" for redegjørelse av omtalte situasjon, og for informasjon om tiltak som iverksettes for utbedre situasjonen.

Behov for tydelegare avklaring av TISK-strategien

Fleire kommunar har i vekerapporten etterlyst ei tydeleggjering av TISK-strategien. Det vert mellom anna trekt fram at slik smittesituasjonen er no krev smittesporing betydeleg ressursauke, noko som gjer at det er krevjande å få på plass. Vi har meldt dette vidare til Helsedirektoratet i vår vekerapport.

3. Prioritering av testing av personell med kritisk samfunnsfunksjon

Ein av gruppene som skal prioriterast for testing er personell med samfunnskritiske funksjonar. Vi har fått oversendt ei detaljert liste frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) om kritisk personell innan deira sektor. Vi har ikkje fått tilsendt likande lister frå dei andre departementa, men det betyr ikkje at denne sektoren skal prioriterast høgare enn andre. Vi minner om at de må gjere ei prioritering av dei testane de har tilgjengeleg. Brevet frå NFD ligg vedlagt referatet.

4. Hurtigtestar

Vi har fått beskjed om at testane som blei fordelt førre veke kjem til vårt sentrale lager i dag. Dei vil så bli pakka om og sendt ut til kommunane. Det er venta at kommunane får desse før juleaftan, med



eit mogleg unntak for dei som skal til Stad som kanskje kjem fram først over julehelga (testane til Bremanger og 1/3 av Kinn).

Vi har per i dag ikkje kjennskap til fordelinga av testane som har kome inn denne veka. Vi vil sende ut informasjon om dette i eiga e-post når den føreligg.

I kommunemøte sist veke blei det vist ein presentasjon om korleis fordelinga går føre og kven som høyrar til kva for «hubkommune». Denne gløymde vi å legge ved referatet då, så vil legge den ved utsendinga av dette referatet.

5. Bistand til vaksinasjon

Regjeringa har bestemt at alle over 45 år som fyller kriteria, skal kunne få ein tredje vaksinedose mot covid-19-infeksjon innan 16. januar 2022.

Bistand frå Forsvaret

Som vi informerte om i eige møte og kommunemøte førre veke kan kommunar som ikkje får tak i tilstrekkeleg ressursar til å gjennomføre vaksinerings jamfør føringa frå regjeringa sende oppmoding om bistand til støtte frå forsvaret via Statsforvaltaren.

Kommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden sendte via oss inn ei bistandsoppmoding i helga og fekk innvilga bistand frå to vaksinasjonsteam frå forsvaret i veke ein og to.

Fleire Statsforvaltarar har løfta behov for “vaksinebussar” eller liknande som kunne nå dei meir periferedelane av kommunane, men dette er så langt ikkje eit tilbod.

Vidare har vi på vegne av Bergen kommune sendt inn ei bistandsoppmoding i dag om bistand til å auke kapasiteten på teststasjonar og smittesporing. Dette er utanfor det oppdraget som er gitt i forsvaret knytt til vaksinerings, men ettersom behovet var stort så såg vi på det som riktig å sende inn ei slik oppmoding. Viss vi får opp kapasiteten på teststasjonane i Bergen vil dette vere eit tilbod kommunane rundt i større grad kan nytte seg av i tilfelle der eigne teststasjonar er stengde. Vi ventar framleis på ei tilbakemelding på denne oppmodinga.

Bistand frå helsefagstudentar

Mobilisering av helsefagstudentar med lisens til vaksinerings – midlertidig ordning

Kommunane har høve til å be om bistand får studentar til gjennomføring av vaksinasjon. I første omgang varer denne ordninga fram til 16. januar. Helsedirektoratet har inngått ei avtale med Manpower som skal ivareta ordninga. Kostnadene knytt til ordninga dekkes i si heilheit av Helsedirektoratet.

Korleis ordninga fungerer:

- Studentar som kan bidra i vaksinerings, og som har lisens, registrerer seg hjå Manpower. Desse har fått tilsendt SMS frå Kunnskapsdepartementet med lenke til registrerings skjema.
- **Kommunar som treng personell til vaksinerings sender ferdig utfylt oppmodings skjema til Statsforvaltaren. Skjemaet sendast til: sfvlberedskap@statsforvalteren.no.**
- Statsforvaltaren sender oppmoding til Manpower.
- Manpower tilsett og formidlar helsefagstudentar med lisens til kommunane.
- Ansvarleg i kommunen godkjenar timar og Manpower utbetalar løn og eventuelle kostnadar knytt til reise og opphald.
- Helsedirektoratet dekkjer kostnadene.



Statsforvaltaren i Vestland

- Praktiske avklaringar etter at Manpower har formidla studentar til kommunane kan gå direkte mellom kommunane og Manpower. Kontaktinfo til Manpower er: firmapost@manpower.no

Ordninga omfattar følgande grupper med studentlisens: Sjukepleiar, ambulansarbeidar, vernepleiar, radiograf, bioingeniør, reseptarfarmasøyt, tannlege, provisorfarmasøyt og lege

Studentlisensane gis med følgande generelle vilkår:

- Lisensen gir studenten berre rett til å utføre yrkesaktivitet under fagleg rettleiing og tilsyn av overordna autorisert personell
- Lisensen gir ikkje åtgang til å utøve yrket av sjølvstendig karakter
- Lisensen gir studenten berre rett til å kalle seg student i det aktuelle yrket
- Lisensen er tidsavgrensa

Kvalitetssikring

- Kontroll av midlertidig lisens i henhold til covid-19-forskriften §20 opp mot Helsepersonellregisteret (HPR)
- Ikkje formidle studentar som allereie har eit arbeidsforhold i kommune eller helseføretak.
- Vaksinasjonsstatus for student mot Covid-19, grunna arbeid med sårbare grupper
- Kor studenten kan formidlast geografisk samt lengda på opphaldet
- Avklare om studentar kan forplikte seg til å jobbe dag, kveld, helg og eventuelt stiller seg til disposisjon for å jobbe pålagt overtid innanfor AML rammer
- studentar som er tildelt midlertidig lisens ifm denne ordninga, kan berre nyttast til arbeid ifm vaksinerings, og berre i den gitte perioden.

Manpower er ansvarleg for å

- Inngå avtale for et bestemt tidsrom der studenten skal utføre arbeidsoppgåver for den aktuelle kommunen
- Utbetaling av lønn, berekning av feriepengar, arbeidsgivaravgift, eventuelle pensjonskostnader, reise- og oppholds- og diettkostnader etter statens regulativ.
- Sørge for bestilling av reise og overnattingsstad og sørge for kostnadene for dette
- Sørge for at studenten som inngår avtale, og blir formidla til oppdrag for en kommune, har all nødvendig informasjon og får tilrettelagt for å vere på rett stad til rett tid, klar til å oppta arbeidet.
- Sikre at den som blir formidla, har tilstrekkeleg kontaktinformasjon for oppmøte på arbeidsstaden.

Treng de meir informasjon om ordninga eller om noko er uklårt kan de ta kontakt med Statsforvaltaren på: sfvlberedskap@statsforvalteren.no

Bistand frå apotek

Dersom kommunar finn det naudsynt for å oppretthalde vaksinasjonskapasitet og dekke vaksineetterspurnaden i befolkninga kan ein inngå samarbeidsavtalar med lokale apotek. Det er lagt til rette for dette i form av eigne refusjonstakstar for covid-19-vaksinerings for apotek i vaksinasjonsforskrifta, i tillegg forlenging av farmasøytars rekvireringsrett for covid-19-vaksinar. Det er laga ein rettleiar for kommunane om slikt samarbeid og ei generisk samarbeidsavtale. Det er òg laga ein mal for å leige inn vaksinepersonale frå apotek.

Dette er nærmare omtalt på FHI sine sider:

<https://www.fhi.no/nettpub/koronavaksinasjonsveilederen-for-kommuner-og->



[helseforetak/koronavaksinasjon-i-kommunene/kommunenes-plikter-og-oppgaver/?term=&h=1#gjennomfoering-av-vaksinasjon](https://www.statsforvaltaren.no/helseforetak/koronavaksinasjon-i-kommunene/kommunenes-plikter-og-oppgaver/?term=&h=1#gjennomfoering-av-vaksinasjon)

Oversikt over relevante verksemder

NHO har gjennomført ei kartlegging av medlemsverksemder som yter ulike helse og omsorgstenester på vegne av det offentlege, i eit forsøk på å kartlegge verksemder som potensielt kan hjelpe kommunane med testing, vaksinasjon, rehabilitering og mottak av utskrivingsklare pasientar. Oversikta er ikkje uttømmende og dekkjer berre medlemsverksemder i NHO Service og Handel. Det er fleire forhold og avklaringar som må gjerast, men dei håper at lista kan hjelpe kommunane med å identifisere moglege ekstrabistand inn i pandemiberedskapen. Vi vil legge denne oversikten ved referatet.

6. Auka smitte og kapasitetsutfordringar

Helsedirektoratet sendte måndag (20.12) ut eit brev til RHF med kopi til kommunane og statsforvaltarar, om auka smitte, kapasitetsutfordringar og behov for fullmakter i helseberedskapslovgivinga. Vi vidaresendte tysdag (21.12) eit tilsvarande brev til kommunane. Direktoratet skriv i brevet at det er sannsynleg at det vil bli vesentleg auka belastning på helsetenestene i vekene som kjem, grunna rask auke av koronasmitte, influensasjukdom og høgt fråvær av tilsette i helsetenestene.

Kongen i statsråd har gjeve fullmakter etter helseberedskapslovgivinga til Helse og omsorgsdepartementet. Helsedirektoratet skal vurdere om det blir naudsynt å bruke slik fullmakt for å kunne verne befolkningas liv og helse, og bidra til at naudsynt helsehjelp, helse- og omsorgstenester og sosiale tenester kan tilbydast befolkninga - òg i krisesituasjonar som vi no må planlegge for at kan oppstå. Loven opnar m.a. for rekvisisjonar, tenesteplikt, beordring og omdisponering. Direktoratet ber kommunane sjå helse- og sivil beredskap som heilskap, og førebu seg på auka smitte. Vidare går dei gjennom ulike verkemiddel for å gjere dette. Vi ber kommunane gå gjennom brevet. Vi legg ved brevet til RHF og kommunane ved referatet.

7. Presisering av testing av elevar etter ferien

På pressekonferanse 13. desember sa helseministeren at «*alle skolebarn skal testes før skolestart i 2022*», og i tillegg skal utdanningsministeren ha sagt dette i møte med fylkeskommunanes opplæringsdirektørar om elevar på vidaregåande. Bakgrunnen for dette var at Helsedirektoratet anbefalte testing av skulebarn etter ferien i [oppdrag 576](#).

Grunna knappheit på hurtigtestar har vi arbeida med å få ei avklaring frå Helsedirektoratet på dette. Vi har fått beskjed om at tilrådinga gjaldt 1.-10. klasse, og ikkje vidaregåande skule. Det er samstundes viktig at kommunane gjer ei sjølvstendig prioritering av dei testane de har til rådighet.

Vår tilråding er at de brukar regjeringas tilråding for prioritering av hurtigtestar som utgangspunkt, og at screening av elevar utanfor indikasjon berre blir gjennomført viss kommunen har nok hurtigtestar tilgjengeleg til dette.



8. MSIS-rapportering

Oppdatert informasjon etter møtet:

Vi fekk etter møtet informasjon frå FHI om unntak for meldeplikt for lege til MSIS for covid-19. FHI ser behov for å redusere arbeidsbelastninga i kommunane, og har konkludert med at det i noverande situasjon er korrekt å gje legar unntak frå meldeplikt med MSIS-klinikarmelding for covid-19, med nokre få unntak. Det er framleis meldeplikt ved:

- Multisystem inflammatorisk syndrom assosiert med covid-19 hos barn og unge (MIS-C)
- Covid-19-relaterte innleggelser i sjukehus
- Covid-19-relaterte dødsfall

Unntaket gjeld frå og med 22.12.2021.

Dette er informert om til kommuneoverlegar og smittevernlegar i eigen e-post. Vi legg i tillegg brevet frå FHI ved referatet.

9. Kontaktpersonar i vaksinasjonskommunar for barn 5-11 år

Voss: liv.a.rong@voss.herad.no, tlf. 90097146

Sunnfjord: trude.erdal@sunnfjord.kommune.no, tlf. 95744221

Bømlo: lhr@bomlo.kommune.no, tlf. 41432210

Bergen: postmottak@bergen.kommune.no, tlf. 55567700

10. Nye tilrådingar om vaksine

FHI tilrår at alle i alderen 18-44 år får tilbod om ei oppfriskingsdose når det har gått minst 20 veker sidan dose 2. Regjeringa har sett som mål at alle over 18 får tilbod innan utgangen av februar 2022. Før kommunane gir tilbod til dei under 45 år, bør dei likevel prioritere dei over 45 år, risikogrupper, helsepersonell og tilsette i skuler og barnehagar.

FHI tilrår òg gravide i 2. og 3. trimester å ta oppfriskingsdose, og i første trimester om dei har annan tilleggsrisiko.

Lenke til Regjeringa sine sider: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/alle-over-18-ar-far-tilbud-om-oppfriskningsdose/id2892876/>

11. Vurdering av oppfriskingsdose

I vurderinga av om innbyggjarar skal ha oppfriskingsdose eller ikkje, der dei har gjennomgått covid-19, tel vi immunologiske hendingar, der ein vaksinedose og gjennomgått covid-19 tel likt.

Ein vaksinedose + gjennomgått covid-19 = to vaksinedosar = fullvaksinert. Desse skal ha oppfriskingsdose. Det spel inga rolle med rekkjefølgja på gjennomgått covid-19 og vaksinedosen for å få status som fullvaksinert jf. Informasjonsbrev nr. 33 frå FHI.



Fullvaksinerte som gjennomgår covid-19 minst 3 veker etter dose 2, treng ikkje oppfriskingsdose, då gjennomgått covid-19 erstattar oppfriskingsdosa som den tredje immunologiske hendinga. Om ein person får covid-19 innan dei 3 første vekene etter vaksining, tilrår FHI ny vaksinedose 3 månadar etter at personen har blitt frisk att.

12. Spørsmål og svar

Spørsmål frå Øystein Furnes: Spørsmål om studentar som kan rekvirerast til vaksinasjon, og kan nyttast til andre oppgåver. Har det vert diskutert om dei kan nyttast inn i institusjonar eller vil det påverke deira studentkvardag for mykje?

Svar frå Sjur Lehmann: Det blei diskutert i møte i dag, men per no er ordninga øyremerka vaksining. Vi er elles forsikra om at studentar ikkje takast ut av deltidsjobbar og tilkallingsjobbar i andre deler av tenestene for å brukast til vaksinasjon. Kommunane må ta kontakt med oss om ein opplev at det skjer.

Det er fint om kommunane kan kome med ei tilbakemelding på om ordninga fungerer. Både denne ordninga og ordninga med Forsvaret skal ikkje gje kommunane mykje meirarbeid administrativt, så tilbakemeldingar på ordningane undervegs er viktig.